



**1) I SENTRUM:** Daniel Toa-Kwapong har vore viktig for unge menneske frå alle verdshjorne i snart 20 år på Haugland. Han trivst godt i lærerrolla, og som reservepappa når det trengst. Gode klemmar får han stadig vekk, som her frå Edwina Daniella Bezuidenhout frå Namibia, medan Daniel Akinbote frå Kenya «ventar på tur».

**2) I KLASSEROMMET:** Daniel underviser mest i utviklingslære (development studies). Han brukar moderne hjelpemiddel, men har også tru på god, gammel tavleundervisning når det høver best.

**3) GOD MAT:** I UWC-kantina vert servert mykje god mat, og når det står graut på menyen, tek Daniel gjerne det, ikkje berre i førjula.

**4) PÅ GO'FOT:** Det blir mange «high five» i løpet av dagen når Daniel går rundt i miljøet på Haugland.

SKULLE VERE I TO ÅR, NO HAR HAN 20

# Sunnfjordingen frå Ghana

Daniel Toa-Kwapong er mellom dei spennande menneska som kom til Haugland med UWC i 1995. Han skulle vere lærar i to år, og så dra heim til Ghana. Men den joviale karen, som kallar seg dobbelt vestlending, er her framleis.

**IDÉI** 20 ára som har gått sidan Røde Kors Nordisk United World College (RCNUWC) vart opna, har 1900 unge menneske frå meir enn 90 land verda rundt sett kvarandre stemne ved Flekkefjorden. Her har jenter og gutar frå ulike kulturar, fattige og rike, med ulik hudfarge, fysiske og intellektuelle føresetnader, lukkast i å bli akkurat det namnet på skulen seier: united. Sameint. Sjølv sagt har der vore utfordringar undervegs, men mindre enn ein faktisk kunne vente med så mange ulike element.

Midt i flokken, i alle 20 ára, har Daniel – «this tall, black guy from Ghana» – stått. Fjellstøtt. – Fundamentet til UWC

er å få unge menneske til å forstå kvarandre og kjenne kvarandre, då vert dei også trygge på kvarandre, seier Daniel. Han skandrar seg å leggje til: – Det er ikkje berre elevane som lærer. Eg har lært enormt mykje sjølv. Eg har lært om mat og kultur, om land eg ikkje visste særleg om og fått venner som eg elles aldri ville møtt. Det har vore ein skule også for meg.

**MANGE UNGE** har komme til Haugland med ein tung arv, til dømes frå konflikten mellom Israel og Palestina. Men på skulen har dei lukkast å jamne ut motsetnader, få personane til å forstå og respektere kvarandre. Då kan sjølv den til-

synelatande mest fastlåste konflikt løse seg, er Daniels erfaring.

Med sine nær to meter er Daniel lett å få auga på. Han ruvar. På fleire måtar. Han kallar seg sjølv heldig som får vere ektemann til Barbara og far til Nana og Dubie. Det er viktigast av alt for han.

– Men eg har fått vere far til mange fleire enn mine to biologiske born. Vi har hatt elevar utan biologisk far i live. Og vi har dei som ikkje kunne ha eit naturleg forhold til far sin fordi tilhøva i heimlandet ikkje tillet det. Slik var det med ein gut frå Jemen, som ikkje hadde vore heime på seks år då han drog herifrå. Han hadde bruk for ein farsfigur, ein å diskutere med, ein å rådføre seg med. Eg var

glad for å kunne hjelpe han, seier Daniel.

**HAN MINNER** om at mange ting vi tek for gitt, slett ikkje er det rundt om i verda.

– Eg er idealist og prøver å ha beina godt planta på jorda. Attåt å vere ektemann og far, må eg vere ein god son for far min og bror for brødrene mine. Sjølv om mor mi døydde då eg var liten, har eg vakse opp og levd i trygge rammer og ser verdien av det. Eit hus er ikkje nok for å ha ein heim. Det du fyller huset med, avgjer om det er ein heim. Det prøver eg å leve opp til, både som pedagog, reservepappa og litt psykolog når det trengst, seier Daniel.

For to år sidan sette familien pengar i ein restaurant i Ghana, og eit gardsbruk der som skulle forsyne restauranten med råvarer. Etter tre månader brann diverre restauranten ned, og dei betalar enno på lånet dei tok opp.

**FØR VAR** han innstilt på å flytte heim og meinte han kunne gjere mest nytte for seg ved fysisk å vere i Ghana. I dag vurderer han annleis og mellom anna gjennom eit prosjekt kalla DROP, Do Remember Other People, skaffar Daniel og elevar på Haugland pengar til gode tiltak i Ghana, mellom anna skuledrift. Også dotrene Nana og Dubie og kona Barbara er aktive gjennom DROP og på andre måtar med hjelpearbeid.

For to år sidan sette familien pengar i ein restaurant i Ghana, og eit gardsbruk der som skulle forsyne restauranten med råvarer. Etter tre månader brann diverre restauranten ned, og dei betalar enno på lånet dei tok opp.

Daniel kom til Norge og universitetet i Oslo i 1988 for å studere geografi og biologi. Seinare tok han mastergrad i energi og miljø ved BI. For å betre økonomien til familien, stod han opp klokka to og gjekk med aviser i fire timar før han skulle på universitetet klokka åtte.

«Gud har gitt oss sjansen til å jobbe her, i neste omgang må vi gje tilbake.

DANIEL TOA-KWAPONG

**HAN JOBBA** i eit vaktelskap og hadde begynt som lærar i Drammen då han tilfeldigvis såg ei annonse på baksida av ei avis som låg på ei bibliotek. Annonse var på engelsk, og det vart søkt etter lærarar til eit nystarta nordisk UWC på Haugland i Fjaler. – Akkurat i dei faga eg hadde! Eg tok kontakt med rektor Tony Macoun. Og her er eg enno. Ting kan sjå tilfeldig ut, men eg trur det er Gud som sette meg på rett stad til rett tid, seier Daniel.

**HAN KALLAR** seg dobbelt vestlending, etter som han voks opp vest i Ghana, kom til Oslo, vest i Europa, og har no 20 år på Vestlandet. Han føler seg nesten



2



3



1



4

som sunnfjording og er glad for tida her. Undervegs har han fått tilbod om andre jobbar, mellom anna rektorjobbar i Sør Afrika. Inntekta var kanskje betre, og arbeidstida sikkert meir ordna, men Daniel valde å bli. Han har også fått spørsmål om å engasjere seg politisk i heimlandet.

**FAMILIEN HAR** første prioritet. Til politikk kan du finne ein annan. Til rektor og. Men du kan ikkje finne ein annan person som mamma og pappa for borna dine. Og vennekrinsen får du ikkje med deg når du flytter. Så for oss var saka klar: Vi blir her! oppsummerer Daniel.

Både Nana og Dubie gjekk barne- og ungdomsskule og vidaregåande her, før dei begynte på UWC. Begge enda opp på universitet i USA, slik storparten av ele-

vane frå skulen på Haugland gjer. Representantar for 17 universitet hentar studentar over, gjev dei svært gode tilbod og er med på å tygge framtida deira. Dette er ressurspersonar å få tilbake i landa dei kom frå, no som godt utdanna kapasitetar. Det opnar dører og gjev håp om ei betre framtid. - Håpet er livets oksygen, seier Daniel.

**UWC PÅ** Haugland er ein skule med mest teoretiske fag. Daniel ivrar sterkt for praktiske fag og ser det som ein stor feil at dette ofte blir nedvurdert. Han har tru på at eit tettare samarbeid med Dale vidaregåande skule og praktisk retta utdanning der vil vere ein stor styrke for begge skulane.

**DANIEL ER** oppteken av dei mange

flyktningar som vi høyrer om set livet til i opne og overfylte båtar over farlege havstykke. Viss dei berre hadde hatt nokre få dollar meir, hadde dei kanskje ikkje flykta. Difor må vi prøve å hjelpe dei der dei er, slik at dei ikkje legg ut på livsfarlege båtturar mellom Afrika og Europa.

- Gud har gitt oss sjansen til å jobbe her, i neste omgang må vi gje tilbake, seier Daniel, som har fått del i mange hjerteskerande opplevingar og lagnader frå krigsområde, tørkeramma, diktaturstatar og anna. På Haugland har elevar fått sjansen til eit betre liv, og han ser det som ei stor gåve å ha fått vere med på denne reisa.

**HAN KALLAR** Magne Bjergene for sin norske far. Han hadde eit motto: Alt er

mogleg! Dette prøver Daniel å leve etter. Dei opplever små «unders heile tida. Kvar haust kjem det om lag 100 nye studentar, og mange av dei strevar med heimlengt. Det blir ein del tårer før livet jamnar seg til. Når dei så kjem til etterjuls vinteren andre året, med gode vennskapsband knytte, og det nærmar seg graduation og avskil, då kjem tårane igjen fordi dei kvier seg til den dagen det er slutt.

**«Å vere lærar ikkje er ein jobb for alle. Å vere UWC-lærar er ikkje ein jobb for alle lærarar.»**

**DANIEL TOA-KWAPONG**

- Dette fortel meg at vi har ei viktig oppgåve, og at vi er viktig for studentane våre. Livet skal levast, ikkje overlevast. Difor må vi fylle unge liv med alt meningsfullt.

Vi må halde fast på Ghandis ord om at jorda har nok «for everyone's need, but not for everyone's greed» (jorda har nok til alles behov, men ikkje alles grådighet). Og det må bli meir «oss» enn «I, me and myself» (Eg, meg og meg sjølv), seier Daniel.

**NY TEKNOLOGI** opnar nye moglegheiter, til dømes sal via internett. - Utviklinga går svært fort. Tenk på Kodak som vi voks opp med som verdsleiande og det absolutt beste. I dag veit ingen om det. Tek du ei fireårig utdanning, så er 30-40 prosent av det du lærde 1. året

knappt gyldig lenger når du kjem til siste året, seier Daniel.

Han viser til at før hadde læraren monopol på kunnskapen, det nyttar ikkje i dag. Elevane kan sitje med mobilen og google, så seier læraren noko feil, får han straks korreks. Han prøver å vere ein tolerant lærar, men det er to ting han absolutt ikkje aksepterer i klassen - barning og at ein elev viser manglande respekt for nokon. Han er overtydd om at å vere lærar ikkje er ein jobb for alle. Og han er minst like sikker på at å vere UWC-lærar ikkje er ein jobb for alle lærarar. Arbeidstida er heilt annleis, og Barbara og han har ofte studentar på besøk i husværet på Teachers Hill på Haugland. Dessutan må du vere ein god lyttar, og ofte ein god hjelper. Han støttar seg til den kjende pedagogen Howard Gardner

som seier at lærarens viktigaste jobb ikkje er å lære frå seg, men få elevane til å oppdage deira beste måte å lære på.

**DANIEL HAR** gjort unna tre firedelear av eit doktorgradsstudium ved universitetet i Phoenix Arisona, og han ser føre seg at i framtida kan han jobbe med konsulentoppdrag i kulturforståing og kulturutveksling. Han kan også tenkje seg å skrive bøker, halde foredrag og bruke tid på å styrkje banda mellom Ghana og Norge og resten av Europa. Bygginge bruker. Inspirert av landsmannen Kofi Annan, som var mange år i FN-systemet. No har han bustad i Sverige, der kona kjem frå, i Ghana og i USA. Han kan veksle mellom desse stadene og er engasjert med å gje råd innan matproduksjon, helsespørsmål og anna.

Kor lenge dei blir på Haugland, og kva framtida vil gje dei, veit ikkje 52-åringen. Men han er glad for tida dei har hatt her, for alle dei har møtt og vore saman med og for alle oppgåvene han har fått vore med å løyse både på skuleområdet, som 17. mai-talar og som innbyggjar i bygda og kommunen. Daniel har så utvilsomt vore ein fargeklatt og ein som vil bli sakna den dagen han vel å gjere noko anna enn dei snart 20 åra som sunnfjording.

**«Håpet er livets oksygen»**

**DANIEL TOA-KWAPONG**

**1) OPPGÅVA:** Daniel er heilt klar på at han har ei to-delt rolle; som pedagog og som inspirator, reservepappa og den som formidlar håp og framtidstru.

**2) SAMARBEID:** Tida på Haugland er like mykje ein livsstil som ein jobb, og både Barbara, som sekretær, og Daniel som lærar, lever i «UWC-bobla».

**3) VARME:** Parje Numbi Nambao frå Zambia spanderer gjerne ein go'kjake på Daniel når ho får sjansen.

**4) STØTT:** Den vakre gråsteinsmuren og Daniel har vore om lag like lenge på Haugland, og begge står like støtt som for 20 år sidan.